

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: 7J5XER

Registrert dato:

14.09.2018 13:32:20

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Arne Johan

Etternamn

Espeland

Adresse

Hjelmtveitvegen 12

Postnummer

5912

Poststad

SEIM

Telefon

E-post

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
 FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin Vågseidet

Uttale

I kommuneplanen som blei vedteken 22. september 2011 er det lagt eit næringsområde på Espeland og Åse ved Fv 57. Dette er lagt i eit område som delvis er dyrka mark, men også mykje dyrkbart aleal. I "si tid" blei det laga ein dyrkningsplan for dette arealet av det som den gongen heitte Norsk myrselskap. Den anslo då at det kunne dyrkast opp mot 400 da. Det er i dag berre ein del av dette som er dyrka. I reguleringsplanen i samband med ny (Rv) Fv 57 frå Espeland til Herland (opna i januar 2008) blei ein del av min eigedom (bnr. 4) og mine to naboar sine eigedomar (bnr. 1 og 3) regulert inn eit område for masseutskifting. Tanken var at massane frå Espelandstunnelen skulle plasserast der og at det skulle leggjast jord oppå. Tunnelmassane blei i staden kjørt bort av både entreprenørar og private. Denne reguleringsplanen gjeld vel enno? Eg kan også nemna at når Seim skyttarlag mista skytebana si då vegen gjennom Rydlandsvågen blei bygt, ville dei leggja ny bane i dette området på Espeland og Åse. Lindås kommune vedtok då at området skulle eksproprierast. Vi klaga til Landbruksdepartementet og fekk medhald i at området var for verdifullt som landbruksområde til at ekspropiasjon kunne godkjennast. Skytebana ligg no som kjent i Rydlandsvågen.

Som eigar av gnr. 163 bnr. 4 i Lindås kommune er EG I MOT at det skal vera eit næringsområde på dette arealet.

Dersom kommunen treng meir næringsareal så bør det først og fremst koma i tilknytning til dei areala som allereide er sikra og er i bruk til næringsføremål. Det kan vel ikkje vera naudsynt å plassera eit nytt areal her? Så vidt eg veit er dei andre grunneigarane også i mot dette.

Eg vonar at det vert teke omsyn til mitt syn når planen no skal rullerast.

Legg ved kartutsnitt for næringsareal i arealdelen vedteken 22. september 2011.

Med helsing

Arne Johan Espeland

Vedlagt dokumentliste

Utsnitt av kart for arealdelen i kommuneplanen..docx